



MØTEPROTOKOLL

Utval: Eldrerådet
Møtestad: Møterom C, Rådhuset
Dato: 22.01.2008
Tid: 13:15

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Liv Dahl	Medlem	ANNA
Helge Sætre	Medlem	ANNA
Olaug Almelid	Medlem	ANNA

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jostein Fet	MEDL	ANNA
Erling Nitter	MEDL	ANNA

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Torbjørn Sverre Hoggen	Erling Nitter	ANNA
Signy Fylling	Jostein Fet	ANNA

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne-Karin Egset	sekretær

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/08	SAKER TIL HANDSAMING Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/08	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 3/08	Referat og meldingar SAKER TIL HANDSAMING
PS 4/08	Reguleringsplan for bustadområde i Austefjorden (Fyrde) - uttale frå Eldrerådet
PS 5/08	Melding om reguleringsarbeid gnr./bnr. 20/552 på Heltnane Volda sentrum - uttale frå Eldrerådet
PS 6/08	Toalett og venterom ved busshaldeplassen - uttale frå Eldrerådet
PS 7/08	Buss stopp ved Omsorgssenteret - uttale frå Eldrerådet
PS 8/08	Årsmelding for Eldrerådet år 2007
PS 9/08	Eldrerådet sitt syn på nedlegging av Frivilligsentralen

SAKER TIL HANDSAMING

PS 1/08 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling av sakliste vart samrøystes godkjent

PS 2/08 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Møteprotokoll frå møte den 11.12.07 vart godkjent

PS 3/08 Referat og meldingar

Handsaming:

Referat og meldingar vart teke til vitande.

SAKER TIL HANDSAMING

PS 4/08 Reguleringsplan for bustadområde i Austefjorden (Fyrde) - uttale frå Eldrerådet

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming:

Liv Dahl kom med følgjande framlegg:

”Eldrerådet har ikkje merknad til denne saka. Vi ser det som ei grei sak og veit at dette er eit ynskje frå dei som bur i området. Det er grunneigarane som har sjølv bedd om denne reguleringsplanen.”

Røysting:

Samrøystes vedteke

Uttale frå Eldrerådet - 22.01.2008

Eldrerådet har ikkje merknad til denne saka. Vi ser det som ei grei sak og veit at dette er eit ynskje frå dei som bur i området. Det er grunneigarane som har sjølv bedd om denne reguleringsplanen.

**PS 5/08 Melding om reguleringsarbeid gnr./bnr. 20/552 på Heltnane
Volda sentrum - uttale frå Eldrerådet**

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming:

Liv Dalh kom med følgjande framlegg:

”Eldrerådet har ikkje merknad til denne saka. Men vi ynskjer at den vakre steingarden som er der vil verte teken vare på.”

Røysting:

Dette vart samrøystes vedteke.

Uttale frå Eldrerådet - 22.01.2008

Eldrerådet har ikkje merknad til denne saka. Men vi ynskjer at den vakre steingarden som er der vil verte teken vare på.

PS 6/08 Toalett og venterom ved busshaldeplassen - uttale frå Eldrerådet

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming:

Helge Sætre kom med følgjande framlegg:

”Viser til tidlegare brev frå Eldrerådet dat. 05.09.03.

Det er vanleg at i byområde og ved større sentrum finst det offentleg vatrede og at desse gjerne er plasserte ved kommunikasjonsknytepunktet.

Med stor undring har ålmenta vorte merksam på at den nye busshaldeplassen har vore planlagt utan venterom og offentleg avtrede. Vi meiner at dette må vere ein avlorleg glipp frå planleggjarane si side, og krev at det snarast vert planlagt og gjennomført tiltak slik at anlegget vert teneleg for brukarane.”

Røysting:

Dette vart samrøystes vedteke.

Uttale frå Eldrerådet - 22.01.2008

Viser til tidlegare brev frå Eldrerådet dat. 05.09.03.

Det er vanleg at i byområde og ved større sentrum finst det offentleg vatrede og at desse gjerne er plasserte ved kommunikasjonsknytepunktet.

Med stor undring har ålmenta vorte merksam på at den nye busshaldeplassen har vore planlagt utan venterom og offentleg avtrede. Vi meiner at dette må vere ein avlorleg glipp frå planleggjarane si side, og krev at det snarast vert planlagt og gjennomført tiltak slik at anlegget vert teneleg for brukarane.

PS 7/08 Buss stopp ved Omsorgssenteret - uttale frå Eldrerådet

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding

Handsaming:

Helge Sætre kom med følgjande framlegg:

”Det er tenleg for bebruarane, tilsette og besøkande å kunne ta bussen. Eit buss-stopp ved Omsorgssenteret må difor kome på plass snarast.”

Røysting:

Dette vart samrøystes vedteke

Uttale frå Eldrerådet - 22.01.2008

Det er truleg for bebruarane tilsette og besøkande å kunne ta bussen. Eit buss-stopp ved Omsorgssenteret må difor kome på plass snarast.

PS 8/08 Årsmelding for Eldrerådet år 2007

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner Årsmeldinga for 2007

Handsaming:

Eldrerådet legger fram årsmelding for 2007 og skal vidare til Kommunestyret for godkjenning.

ÅRSMELDING FOR ELDRERÅDET ÅR 2007

Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei årsmelding som skal leggest fram for kommunestyret. (lov om eldreråd § 4.)

Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen og kan sjølv ta opp ulike saker.

Eldrerådet har 5 medlemmer med 5 varamedlemmer valde av kommunestyret. Pensjonistar skal utgjere fleirtalet i rådet.

Volda Eldreråd vald for perioden 2003 fram til 09.10.2007:

Randi Sandnes – leiar

Olaug Almelid – n.leiar
Helge Sætre
Else Klepp
Lars Tunheim

Administrasjonen stiller med sekretærhjelp.

Saker som vart handsama til uttale i fram til 09.10.2007:
Det vart halde 6 møter og handsama 49 saker.
Eit møte vart avlyst.

- Kommuneplanar, sektorplanar som skal handsamast i kommunalt organ
- Reguleringsplanar
- Årsmelding for 2006
- Veg til Rotsethornet
- Gang og sykkelvegstrategi for Møre og Romsdal 2010-2019
- Dispensasjonsaker
- Ørsta-Volda Lufthamn GPS antenne på Helgehornet –oppgradering
- Kommuneplan for Volda Sentrum

Eldredagen 1. oktober var arrangert av Eldrerådet på Samfunnshuset. Det var underholdning av Volda mannskor og senjordansarane, kåseri av Mons Sandnes og festen vart leia av Øyvind Holsvik. Utlodning og matykt.

Den 25.10.2007 var det nytt val for perioden 2007-2011 med slik samansetjing:

Faste medlemar:

Liv Dahl - leiar
Helge Sætre
Jostein Fet
Erling Nitter
Olaug Almelid – n.leiar

Varamedlemar:

Torbjørn Hoggen
Signy Fylling
Annfred Lillenes
Judith Koppen
Emil Olsen

Det vart halde 2 møter og handsama 5 saker i 2007:

- Konstituering av leiar og nest leiar for perioden 2007-2011.
- Godkjenning av møteplan for 2008
- Kommunedelplan for Folkestad
- Reguleringsplan 651 Løvikneset-Årset.

Til saman vart det handsama 58 saker i 2007.

Røysting:

Dette vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Eldrerådet - 22.01.2008

Kommunestyret godkjenner Årsmeldinga for 2007

PS 9/08 Eldrerådet sitt syn på nedlegging av Frivilligsentralen

Handsaming:

Eldrerådet kom med slikt framlegg:

”Eldrerådet og styret for Volda pensjonistlag ser med uro på planane om å legge ned frivilligsentralen. Skulle tru at kommunepolitikarane var klar over for ein viktig funksjon denne har for bygda vår.

Frivilligsentralane i landet ligg no under kulturdepartementet og retningslinene derifrå seier at desse sitt mål og arbeid er å samordne den frivillige innsatsen som privatpersonar og organisasjonar gjer, og å styrke og fremje det frivillige arbeidet.

Som vi veit har Volda eit rikt kulturliv med mange frivillige lag og organisasjonar. Frivilligsentralen er her ein koordinator for dei ulike gruppene.

Kan nemne: natteravnane, flyktningguidane, TV-aksjonen, Volda som kulturkommune med det ny og vellukka tiltaket ”Fest i Volda”. Og ikkje minst alt det som særleg er retta mot dei eldre t.d. alle dei ulike aktivitet og stimuleringstiltak som frivillige har på Omsorgsenteret. Kan nemne sangstundene for dei eldre og den store julefesten 1. juledag.

Vi veit no at fleire kommuner i landet vil opprette Frivilligsentralar – Ørsta – vår nabokommune har no planane klare.

Her i Volda har vi ein Frivilligsentral som er godt innarbeid og velfungerande, så å legge ned denne er rett og slett for dumt.

Så vi ber om at kommunepolitikarane ser dette, og vil oppretthalde drifta av frivilligsentralen.”

For Volda Eldreråd
v/Liv Dahl - leiar

Røysting:

Dette vart samrøystes vedteke.

Uttale frå Eldrerådet - 22.01.2008

Eldrerådet og styret for Volda pensjonistlag ser med uro på planane om å legge ned frivilligsentralen. Skulle tru at kommunepolitikarane var klar over for ein viktig funksjon denne har for bygda vår.

Frivilligsentralane i landet ligg no under kulturdepartementet og retningslinene derifrå seier at desse sitt mål og arbeid er å samordne den frivillige innsatsen som privatpersonar og organisasjonar gjer, og å styrke og fremje det frivillige arbeidet.

Som vi veit har Volda eit rikt kulturliv med mange frivillige lag og organisasjonar. Frivilligsentralen er her ein koordinator for dei ulike gruppene.

Kan nemne: natteravnane, flyktningguidane, TV-aksjonen, Volda som kulturkommune med det ny og vellukka tiltaket ”Fest i Volda”. Og ikkje minst alt det som særleg er retta

mot dei eldre t.d. alle dei ulike aktivitet og stimuleringstiltak som frivillige har på Omsorgsenteret. Kan nemne sangstundene for dei eldre og den store julefesten 1. juledag.

Vi veit no at fleire kommuner i landet vil opprette Frivilligsentralar – Ørsta – vår nabokommune har no planane klare.

Her i Volda har vi ein Frivilligsentral som er godt innarbeid og velfungerande, så å legge ned denne er rett og slett for dumt.

Så vi ber om at kommunepolitikarane ser dette, og vil oppretthalde drifta av frivilligsentralen.

*For Volda Eldreråd
v/Liv Dahl - leiar*

Møtet slutt kl.14.10

Rett utskrift

VOLDA KOMMUNE,Servicekontoret

Anne-Karin Egseth